

AVTALEVILKÅR FOR STRAUMAVTALEN FAST PRIVAT

Generelt

Avtalen er mellom deg som kunde (kunden, du) og Wattn AS (Wattn, vi), FNR 925638153 som kraftleverandør. Avtalen kan berre tingast av privatpersonar.

For denne avtalen gjeld Standard kraftleveringsavtale av 01.01.2017, utarbeida av Forbrukertilsynet og bransjeorganisasjonen Energi Norge. I tillegg gjeld følgende avtalevilkår:

Produkt

Straumavtalen Fast privat er ein avtale der straumprisen ligg fast heile avtaleperioden. Prisen vert fastsatt ved bestilling av avtalen.

Bestilling

Ved bestilling gir du oss fullmakt til:

- Å sette i verk og melde inn leverandørbyte til nettselskapet
- Å hente inn nødvendige opplysningar frå netteigar for å gjennomføre leverandørbyte
- Å melde ut- og innflytting til nettselskapet ved flytting
- For profilmålte anlegg må måleren vere avlest til netteigar i løpet av dei siste 12 månader.

Vi kredittvurderer alle kundar og kan avslå/avslutte ein leveranse eller kreve garanti/ forskotsbetaling dersom det ligg føre sakleg grunn til det.

Kundeinformasjon og kommunikasjon

I Wattn sin kundeapp og «Mi side», på www.wattn.no, får du tilgang til informasjon om avtalen og produktet ditt. Vi har lagt til rette for at det meste av kundekommunikasjonen kan gjerast digitalt. Det føreset at du som kunde oppdaterer oss med til ei kvar tid gjeldande e-postadresse og mobiltelefonnummer. Dette gjer du i kundeapp eller på «Mi side».

Alle personopplysningar vil bli handsama konfidensielt, i samsvar med Wattn sine retningslinjer for personvern.

Pris- og avtalevilkår er avtalt for heile leveringsperioden. Eventuelle nye eller endring av offentlege avgifter kan bli gjort gjeldande i avtaleperioden.

Du vil også kunne få nyheitsbrev og anna informasjon om aktuelle nyheiter og tilbod frå Wattn og våre samarbeidspartar på digitale media, som e-post, sms og liknande.

Levering

Avtalen gjeld frå dato for avtaleinngåing. Ved byte av leverandør kan det ta frå 1 til 6 dager før vi kan starte leveransen etter utløp av angrefristen.

Betaling

Avtalen omfattar kunden sitt forbruk av elektrisk straum. Kunden betalar fast pris per kWh og eit fastbeløp per månad. Prisen per kWh inkluderer kostnader for lovpålagte Elsertifikat.

Wattn fakturerer etterskotsvis månadleg. Standard betalingsfrist er 10 dagar.

For kundar som ikkje opprettar avtale om elektronisk faktura, vil det bli lagt til eit gebyr for produksjon og utsending av papirfaktura. Oppdaterte prisar finn du på www.wattn.no.

Alle prisar frå Wattn vert gitt inklusiv meirverdiavgift.

Prisendring

Prisen er bunden i heile avtaleperioden.

Gjennomfakturering

I nettområde der Wattn har avtale med det lokale nettselskapet (netteigaren) om gjennomfakturering, vil Wattn fakturere - og eventuelt kreditere - nettleige på vegne av netteigaren. Ved bestilling av denne strømvavtalen gir kunden Wattn fullmakt til å hente inn nødvendige opplysningar frå netteigaren for å gjennomfakturere nettleige. Avtale om gjennomfakturering påverkar elles ikkje kunden sin tilknytningsavtale med netteigaren (Nettleigeavtalen). Usemje eller spørsmål knytt til nettleiga må derfor takast opp direkte med det lokale nettselskapet.

Gjennomfakturering kan føre til endra intervall og forfallsdato på faktura. Om gjennomfakturering av ulike årsaker ikkje kan gjennomførast, vil nettleiga bli fakturert direkte frå det lokale nettselskapet.

Ved oppseiing av denne strømvavtalen, vert også gjennomfakturering av nettleige avslutta.

Angrerett

Privatkundar har angrerett i 14 dagar frå inngåing av avtalen, jf. § 1-4 i Standard kraftleveringsavtale og Angrerettlova. For å kunne bruke angreretten må du opplyse oss på ein eintydig måte om at du vel å gå ifrå avtalen før angrefristen går ut. Bruk av angreretten vil til vanleg medføre at leveransen blir kansellert frå dato for oppstart. Ved bruk av angreretten i samband med leverandørbyte blir melding om kansellering sendt til tidlegare leverandør via Elhub. Wattn er ikkje ansvarleg for behandling av kanselleringa hos tidlegare leverandør. Leveransen av straum kan ta til før angrefristen er ute dersom du uttrykkeleg har bedt oss om det. Dersom leveransen ikkje kan kansellerast frå oppstartsdato må du betale for straum som er levert av Wattn fram til leveransen tidlegast kan bli avslutta.

Fornyning og opphør

Dersom du ikkje bestiller ny fastprisavtale eller seier opp avtalen, blir du overført til avtalen Spotpris når avtaleperioden er ute.

Seinast 30 dagar før avtalen går ut sender vi varsel med informasjon om dette. I varselet får du oppgitt påslag og fastbeløp for avtalen Spotpris på tidspunktet for overføring til ny avtale. Varselet vert gitt direkte til deg på e-post, SMS eller brev, jf. Standard kraftleveranseavtale § 5-3.

Oppseiing

Avtalen Fast privat forpliktar begge partar, og avtalen kan ikkje brytast eller seiast opp i avtaleperioden. Kunden kan kjøpe seg fri frå avtalen, men må då dekkje Wattn sine tap som følge av at avtalen ikkje vert fullført, jf. Standard kraftleveranseavtale §5-1. Beløpet ved frikjøp er kr 500 per måned resten av avtaleperioden. Ved flytting kan avtalen følgje deg til ny adresse eller seiast opp med 14 dagar skriftleg varsel. Overføring av strømmålar til ein annan person i husstanden vert ikkje rekna som flytting og medfører krav om frikjøp.

Endring av avtalevilkår

Desse avtalevilkåra er sist oppdatert 01.06.2023. Avtalevilkåra kan endrast med 30 dagars varsel.

Varsling om endring vert gitt på e-post, sms eller annan eigna måte.